

**Ekstern
skulevurdering
november 2024**

**Sauda ungdomsskule
Sauda kommune**




Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Tore Bastlien Dahl (Skulefagleg rådgjevar
Suldal kommune)

Jorunn Hoås (Rektor Sand skule)

Randi Strand Leirvik (PP-rådgjevar)

Britt-Mona Vang (Regional kompetanse- og
utviklingsrettleiar)




Utviklingsområde: *Inkluderande fellesskap*



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringar i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket





FRAMTIDSBILETE:

*Alle skal oppleva seg inkludert
i fellesskapet på skulen*

Hvis plan A

IKKE VIRKER.

HAR ALFABETET

28 BOKSTAVER



KRITERIER

1. Alle elevar opplever læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø
2. Dei vaksne legg til rette for læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø
3. Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling
4. Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Metodar

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar
 - elevar
 - føresette
 - tilsette
 - leiinga
- Observasjon i ulike situasjonar




Å VÆRE SLITEN
OG NEDFØR ER
IKKE ET TEGN PÅ
SVAKHET. MEST
SANNSYNLIG HAR
DU VÆRT STERK
FOR LENGE

—OLE BRUM

Utval

- Observasjon på alle klassetrinn og i dei fleste fag
- Gruppessamtalar med åtte elevar, frå 8.-10. trinn
- Uformelle samtalar med ungdom frå ulike klassar/trinn
- Samtale med 14 tilsette, frå alle trinn
- Samtale med FAU-leiar
- Daglege samtalar med rektor



Sterke sider me har sett

- Lærarane og leiinga kjenner alle elevane
- Tilsette med høg fagleg kompetanse
- Gode fysiske rammer og god orden i skulebygget/klasseromma
- Eit godt arbeidsmiljø
- Høg grad av gjensidig tillit mellom leiing og tilsette
- Døme på lærarar som stiller gode, åpne spørsmål og relaterer fagstoffet til elevane sin kvardag (relevans)
- Skulen har etablert strukturar som gir opning for lærande møte

Kriterium 1

Alle elevar opplever læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skolemiljø

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Elevar blir sett og anerkjent av lærarar og andre tilsette
- Elevar opplever trygge relasjonar til medelevar og lærarar/andre tilsette
- Elevar opplever at dei blir tatt på alvor viss dei seier frå om noko som ikkje er greitt
- Elevar opplever meistring og utvikling i skulekvardagen
- Eksempel på at elevane får velje arbeidsmåtar og presentasjonsform





Kriterium 2

Dei vaksne legg til rette for læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skolemiljø

Me har sett /opplevd/høyrt om:

- Lærarar og andre tilsette som gir fagleg, sosial og emosjonell støtte til elevane
- Lærarar og andre tilsette som gir elevar trua på seg sjølv og at dei kan meistre
- Døme på at lærarar nyttar varierte metodar i undervisninga og lar elevane medverka i eige læringsarbeid
- Skulen har arbeidd med delpliktene i opplæringslova §12-4.


Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling

Tilbakemeldingar me har fått frå FAU-leiar:

- Dei føresette opplever at skulen er ein trygg og god plass for ungane deira
- Dei føresette opplever at det er lett å ta kontakt med skulen, og at dei blir tatt på alvor





Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Me har sett/opplevd/ hørt:

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde har ein gjort pedagogiske prioriteringar, mellom anna basert på analyse av tilgjengelege data.
- Leiinga har intensjon om og legg til rette for pedagogisk utvikling
- Det er open og tillitsbasert samarbeidskultur mellom leiinga og personalet
- Personalet deler gjerne opplegg og støttar kvarandre, men det er ikkje sett i system
- Tilsette tek ansvar og bidrar aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet
- Ein har arbeidd med forståinga av delpliktene i opplæringslova kap. 12 i det profesjonelle læringsfellesskapet

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 1



SKULEN BØR:

Byggje vidare på det gode arbeidet med relasjonar, inkludering og fokuset på at 'alle elevane er våre', uansett trinn, klasse og individuelle behov.
(Opplæringlova kap.11)

Grunngjiving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon og samtale at skulen har ei felles forståing av sosial inkludering og er gode på det. Vurderingsteamet meiner at det er viktig å fortsatt halde fokus på dette og utvikle det vidare gjennom bl.a. å sjå det i samanheng med den faglege læringa – «*byggja laget gjennom faget*» (jf. LK20 Overordna del kap.2)

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 2

SKULEN BØR:

Vidareutvikle ein kollektiv praksis der elevar får vera aktive, utforska, undra seg og medverka i eige læringsarbeid (jf. LK20, prinsipp for læring, danning og praksis i kap. 2+3).
Det kan handle om å:

- *styrka den kollektive forståinga for læreplanen (LK20) som lovpålagt føresegn og grunnlag for opplæringa og dei pedagogiske og didaktiske vala ein til ei kvar tid tar*
- *få ei felles forståing av sentrale begrep i læreplanverket (LK20) – t.d. medverknad, utforskning, skaparevne, undring, djupnelæring – og kva det vil seie for opplæringa ein legg opp til*
- *lage eit system for å lære av kvarandre på tvers av trinn og nivå (utprøving og refleksjon!)*
- *sleppe elevane meir til i t.d. planlegging av periodar, utarbeiding av kriterier, korleis dei vil vise kva dei har lært, vurdering av eige arbeid*
- *utforska moglegheitene som kan liggja i tverrfagleg undervisning*
- *hente fram att arbeidet med vurdering for læring*
- *utarbeida og bruka læringsstøttande materiell bevisst både i klasserom og fellesareal*

RÅD TIL VIDARE ARBEID – 2 forts.

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtalar at Sauda ungdomsskule har fagleg kompetente og dedikerte lærarar, men at det er liten variasjon i undervisningsmetodikk.

Elevar peikar på at dei sjeldan opplever praktisk undervisning der dei får utforske, medverka og undra seg.

Lærarar snakkar om «pensum» og lite om læreplanane i faga.



SAMAN
FOR NÅR
FRAMTID

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 3

SKULEN BØR:

Ta initiativ til eit samarbeid med dei føresette om korleis dei kan vere ressursar i læringsarbeidet

- *sikre at heim og skule er medspelarar*
- *få på plass gode rutinar/standardar for samarbeid og medverknad slik det kjem fram i ny opplæringslov § 10-4*

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale med FAU-leiar at samarbeidet mellom skulen og føresette i stor grad er prega av informasjon og lite av samskapande prosessar



RÅD TIL VIDARE ARBEID - 4

SKULEN BØR:

Styrke det profesjonelle læringsfellesskapet for å spela kvarandre gode gjennom å setja utvikling av felles praksis i system, der:

- *Alle tilsette tar ansvar og bidrar aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet*
- *Ein saman jobbar fram ei tydeleg pedagogisk retning som er forankra i læreplanverket og andre styringsdokument, og som tar elevar og føresette med på råd. Leiinga skal vera "kaptein på denne skuta"*
- *Ein vidareutviklar ein kultur for forskingsbasert læring saman, gjennom å prøve ut, dela erfaringar og nytta kvarandre sin kompetanse (jf. råd 2 over)*

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtalar at det er fagleg og didaktisk kompetanse på skulen som bør kome alle lærarar og dermed alle elevar til del. Ein arbeider t.d. med tema i profesjonsfellesskapet, men det kan verka som ein ikkje alltid får konkludert og gjort arbeidet til ein del av eit aktivt system.

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 5

SKULEN BØR: Halde fram med å bruka det profesjonelle læringsfellesskapet til å arbeida målretta med kap. 12 i ny opplæringslov for å sikra felles forståing og praksis kring tema (jf. kommunal rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skudemiljø)

Rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skudemiljø

Definisjon

Førebyggjande arbeid

Følgja med

Gripa inn

Varsla

Undersøkja ei sak

Skriftleg aktivitetsplan

Tiltak

Dokumentera

Evaluera

Usemjø mellom partane

Revisjon av plan

Grunngjeving:

Vurderingsteamet fekk i samtalar med tilsette og leiing inntrykk av at det var ulik kjennskap til og praksis rundt lovverket

Spørsmål til refleksjon i det profesjonelle læringsfellesskapet

- Korleis kan vi hjelpe kvarandre til å prøva ut metodar vi ikkje kjenner oss heilt trygge på?
- Korleis kan vi saman finna balansen mellom orden/arbeidsro og kreativitet/utforskning?
- Korleis kan vi betre integrera fagleg og sosial læring slik at dei forsterkar kvarandre positivt?
- Kva må til for at 'eit godt arbeidsmiljø' faktisk blir til 'eit profesjonelt læringsfellesskap'?

et er bedre å ha
SKRUE LØS ENNA
Så igjen SKRUDD AT
IKKE ER ÅPEN
FOR NOE

Prosessen vidare



- Rektor, skulefagleg rådgjevar og skulekontakt i PPT har eit møte innan 1. februar 2025 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe skulebasert for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar og PPT skal støtte skulen i utviklingsarbeidet